



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

BERGEN KOMMUNE PLAN- OG BYGNINGSETATEN
Postboks 7700
5020 BERGEN

Vår dato: 17.04.2023

Vår ref.: 201835420-12 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE trekker motsegn til områdereguleringsplan for Bybanen frå sentrum til Åsane - Delstrekning 3 - Eidsvågtunellen/Tertneskrysset - Bergen kommune

Vi viser til epost datert 31.03.2023. Saka gjeld områdereguleringsplan for Bybanen frå sentrum til Åsane, delstrekning 3 Eidsvågtunellen/Tertneskrysset. I eposten ber de oss om å trekke motsegn til planen på bakgrunn av oppdaterte plankart, føresegner og planskildring som er oppdatert i tråd med tilbakemelding (brev datert 20.02.2023) frå NVE.

NVE trekker motsegn til områdereguleringsplan for Bybanen frå sentrum til Åsane, delstrekning 3 Eidsvågtunellen/Tertneskrysset.

Om motsegna og arbeid i etterkant

NVE fremja motsegn til områdereguleringsplan for Bybanen frå sentrum til Åsane – Delstrekning – 3 Eidsvågtunellen/Tertneskrysset, i brev datert 08.12.2022. Grunnlaget for motsegna var at flaumfare ikkje var tilstrekkeleg utgreidd og innarbeidd i planen. Vi skreiv vidare at dersom Bergen kommune syter for å avklare reell flaumfare i utløpet av Jordalsvatnet, og innarbeider konklusjonane i planen slik at tryggleiken vert teken i vare, og faren ikkje aukar for kringliggande område, fell grunnlaget for motsegna bort.

Det har vore fleire dialogmøte der planen og motsegna har vore drøfta. Bergen kommune sende så den 31.01.2023 eit brev der de gjorde greie for korleis de ville følgje opp motsegna. Med brevet var det lagt ved oppdatert plankart, og fagrapportar knytt til flaumfare. De foreslo formuleringar som skulle innarbeidast i føresegnene.

I vår tilbakemelding (datert 20.02.2023) til brevet signaliserte vi at dei skildra endringane, saman med nokre tilføyningar frå vår side, ville føre til at grunnlaget for motsegna fell bort. Sidan det på det tidspunkt ikkje låg føre komplette føresegner og planskildring å ta stilling til, avtalte vi at de sender over desse som grunnlag for ei formell trekking av motsegna frå vår side.



NVE si vurdering og konklusjon

Føresegnene (sist datert 31.03.2023) er no oppdatert i samsvar med den intensjonen som de synte i brevet av 31.01.2023, og våre innspel om fagkyndig dokumentasjon. I plankartet (sist datert 17.03.2023) er 200 års flaum med klimapåslag innarbeidd som omsynssone H320 Flaumfare. Vi vurderer no at grunnlaget for motsegna har falle bort. **Under føresetnad av at planen vert vedteken i samsvar med det vurderte utkastet/materialet trekker NVE motsegn til områdereguleringsplan for Bybanen frå sentrum til Åsane, delstrekning 3 Eidsvågtunellen/Tertneskrysset.**

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

BERGEN KOMMUNE PLAN- OG BYGNINGSETATEN

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND